
Referanser:

Arkivsak: 25/00241-11

Saksdokumenter:

Forretningsorden Ungdommens kyrkjemøte
Regler for ungdomsdemokrati i Den norske kirke

Konstituering og forretningsorden

Sammendrag

Ungdommens kyrkjemøte (UKM) følgjer reglane for ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja og forretningsorden fastsett av Ungdommens kyrkjemøte. Det er Kyrkjemøtet som har vedteke reglane for ungdomsdemokratiet og rammene for UKM, medan UKM sjølv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet. Regelverket for ungdomsdemokratiet er vedlagt.

Ungdommens kyrkjemøte skal vedta forretningsordenen, velje tre dirigentar og nemne opp to personar til å vere teljekorps.

UKM må i denne saka vedta forretningsordenen for UKM 2025. Det blir føreslått at forretningsordenen for framtidige møte skal ligge fast og ikkje behandlast med mindre det kjem inn forslag til endringar. Difor vil det i denne saka vere fokus på dei føreslåtte endringane i forretningsordenen, og ikkje heilskapen.

Forretningsorden vart sist vedteken av Ungdommens kyrkjemøte i 2024.

Forslag til vedtak

Ungdommens kyrkjemøte vedtek at

1. Forretningsordenen for Ungdommens kyrkjemøte endrast i §3-2 Dirigentskap til Møtet blir leia av *en hoveddirigent og en meddirigent. Meddirigent er hoveddirigentens personlige vara, det velges en personlig vara for meddirigenten.* Setningen «begge kjønn» strykes i samme avsnitt.
2. §8-1 endrast til *Ungdommens kyrkjemøte sender tre representantar med tale- og forlagsrett til å delta på Kyrkjemøtet.*
3. Christian Heidisønn Klaussen, Den norske kyrkjes ungdomsutval/Sør-Hålogaland

Kristina Rimstad, Den norske kyrkjes ungdomsutval/Nord-Hålogaland og veljast til dirigenter for møtet 2025.

4. Til teljekorps under Ungdommens kyrkjemøte oppnemndas ungdomsrådgjeverane:
Mari Braut, Tunsberg og Thomas Raadin Iversen, Borg.

Saksorientering

Bakgrunn

Ungdommens kyrkjemøte (UKM) følgjer reglane for ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja og forretningsorden fastsett av Ungdommens kyrkjemøte. Det er Kyrkjemøtet som har vedteke reglane for ungdomsdemokratiet og rammene for UKM, medan UKM sjølv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet. Regelverket for ungdomsdemokratiet er vedlagt denne saka og er grunnlaget for forretningsordenen. Strukturen byggjer på forretningsordenen til Kyrkjemøtet.

Forretningsordenen vart sist vedteken av Ungdommens kyrkjemøte i 2024.

DnkU foreslår to nye endringar i forretningsordenen.

Dette gjeld §3-2, der DnkU ønskjer at UKM vel to dirigenter i staden for tre. Dette fordi det dei siste åra ikkje har vore behov for ein tredje. Det er òg utfordrande å gi nødvendig opplæring til denne personen i forkant av UKM, sidan vedkomande ikkje kan veljast av DnkU i førebuingane, slik dei andre medlemmane kan.

I §8-1 er det behov for å endre forretningsordenen i tråd med gjeldande praksis. Leiaren av DnkU er medlem av Kyrkjemøtet og blir difor ikkje lenger vald av UKM. UKM skal derfor berre velje tre delegatar til å delta på Kyrkjemøtet det komande året.

I følge forslag til nye forretningsordenen skal Ungdommens kyrkjemøte denne saka velje to personar til å vere dirigentskap, og det skal oppnemnast to personar til å vere teljekorps. Dirigentskapet leiar plenumssamlingane og står for møteleiinga. Teljekorpset skal oppnemnast av UKM blant tilsette og sekretariatet.

Til saka følgjer to vedlegg:

- Reglar for ungdomsdemokratiet
- Forretningsordenen i sin heilskap, vedteken på UKM 2024

Økonomiske/administrative konsekvenser

Saken følges opp innenfor eksisterende budsjetter og administrative ressurser